



Den 29. mars 2023 kl. 10.00 vart det halde forhandlingar mellom Solund kommune og arbeidstakarorganisasjonane på kommunedirektøren sitt kontor/Teams. Forhandlingane blei utført med heimel i SGS nr. 1002 «Sentral generell særavtale vedkomande arbeidstøy og musikkinstrument».

Frå arbeidsgjevar:	Tillitsvalde:
Jens-Eivind Kobbeltvedt, kommunedirektør Irene Sanden, løns- og personalrådgjevar	Fagforbundet ved htv Marit Utvær Delta ved htv Irene Vaulen UDF ved htv Aud Wesenlund Ødejord Nito ved htv May Sissel Trovåg NSF ved htv Sharon Keeven - forfall

Etter at partane hadde drøfta framlegg til særavtale om arbeidsklede blei det semje om fylgjande avtale:

SÆRAVTALE OM ARBEIDSKLEDE

1. Avtala si varigheit og oppseing

Særavtalen gjeld frå 1.1.2023-31.12.2024. Særavtalen må seiast opp minst ein månad før utløpsdato. Dersom særavtalen ikkje vert sagt opp av ein av partane innan utløpsdato, vert den automatisk fornya for eit år om gangen.

2. Generelt

Ordninga gjeld for tilsette som er omfatta av HTA kap. 1 § 1.1.

Ordninga gjeld ikkje for tilkallingsvikarar/tilfeldige vakter

Arbeidstakar får som hovudregel utlevert arbeidsklede/sko etter behov.

3. Godtgjersle

Tilsette i helse og omsorg:

Tilsette ved Solund Helsetun får stilt nødvendige arbeidsklede av arbeidsgjevar.

Arbeidsklede er ved

- Legekontoret: uniform, legefakk
- Institusjonen/heimetenesta: uniform, ytterklede til heimetenesta (fleecejakke og ytterjakke)
- Fysioterapi/ergoterapitenesta: treningsklede, ytterjakke
- Kjøkenet: kokkekledde
- Vaskeriet: uniform
- Reinhald Solund Helsetun: uniform

Dei tilsette får utover dette ei skogodtgjersle, dersom dei ikkje får passande sko dekka av arbeidsgjevar. Grunnlaget for avtalen er å forebygge helseplager og slitasje. Det er hms-førebygging grunna betonggolv på Solund Helsetun og dei fleste må gå mykje på jobb. Difor gjeld skogodtgjersla alle som jobbar på Solund helsetun i varierande grad alt etter stillingsprosent og stillingstype.

- For tilsette i 100% stilling i turnus dekkast inntil kr. 1500,- per år.
- For tilsette i redusert stilling i turnus dekkast inntil kr. 1500,- annakvart år.
- For andre tilsette i helse og omsorg dekkast inntil kr. 1500,- annakvart år.

Tilsette på kjøken, vaskeri og reinhald kan få sko dekka av arbeidsgivar som er tilpassa arbeidsoppgåver. Dette gjeld sko som toler varme, som har eigna sålar for kjøken, og mellom anna toler vatn. Det er enten mogeleg med sko innkjøpt av arbeidsgivar til spesielle forhold, eller sko tilpassa kvar enkelt. Ikkje begge deler.

Alle tilsette på reinhald kan få ei årleg skogodtgjersle på maksimum kr. 1500,- ved innlevert dokumentasjon på kjøp.

- For tilsette i 100% stilling dekkast inntil kr. 1500,- per år.
- For tilsette i redusert stilling dekkast inntil kr. 1500,- annakvart år.

Helse og omsorgsleiar er ansvarleg for rutinar for utbetaling av godtgjersla.

Tilsette i barnehage:

For tilsette i barnehagen vert det utbetalt ei årleg godtgjersle for dekking av både klede og skotøy på inntil kr. 2000,- ved innlevert dokumentasjon på kjøp.

- For tilsette i 100% stilling dekkast inntil kr. 2000,- per år.
- For tilsette i redusert stilling dekkast inntil kr. 2000,- annakvart år.

Nyttilsette får utover dette som ei eingongsordning, inntil kr. 1500,- ved innlevert dokumentasjon på kjøp.

Beløpet vert utbetalt etter innlevert dokumentasjon innan 1. juli og vert utbetalt i juli.

Nyttilsette får utbetalt eingongsordninga ved innlevert dokumentasjon på kjøp.

Klede og skotøy som kan verte refundert:

- Regnkledde
- Støvlar
- Kjeledress
- Jakke/bukse til utebruk
- Ulike typar sko for bruk inne/ute
- Ullklede, både ullundertøy og ytterplagg
- Vottar, hanskar, lue, hals, skjerf

Tilsette i skulen (Undervisningspersonale/fagarbeidarar/lærling 1.-2. klasse og tilsette på SFO):

For tilsette på skulen, undervisningspersonale/fagarbeidarar/lærling 1.-2. klasse og tilsette på SFO, vert det utbetalt ei årleg godtgjersle for dekking av klede/skotøy på inntil kr. 1500,- ved innlevert dokumentasjon på kjøp.

- For tilsette i 100% stilling dekkast inntil kr. 1500,- per år.
- For tilsette i redusert stilling dekkast inntil kr. 1500,- annakvart år.

Beløpet vert utbetalt etter innlevert dokumentasjon innan 1. juli og vert utbetalt i juli.

Klede og skotøy som kan verte dekka:

- Regnkledde
- Støvlar
- Kjeledress

- Jakke/bukse til utebruk
- Ulike typar sko for bruk inne/ute
- Ullklede, både ullundertøy og ytterplagg
- Vottar, hanskar, lue, hals, skjerf

Tilsette i uteseksjonen på Plan og tekniske tenester + brannvern:


Tilsette får utlevert nødvendig arbeids- og vernekled, samt vernesko. Kleda skal vere eigna for formålet.

Arbeidsgjever administrerer og organiserer innkjøp og tildeling av klede, vernesko og anna relevant arbeidstøy.

Andre tilsette:


Andre tilsette som ikkje er spesifikt nemnde under punkt 3 vil ikkje ha rett til klede-/skogodtgjersle frå arbeidsgjever.

Hardbakke 29.03.2023



Jens-Eivind Kobbeltvedt
Solund kommune



Irene Sanden
Solund kommune


Marit Utvær
Fagforbundet


May-Sissel Trovåg
NITO


Irene Vaulen
Delta


Aud Wesenlund Ødejord
Utdanningsforbundet


Sharon Keeven
Norsk sykepleierforbund